



BARK – RAPPORTERING FOR 2016

SKJØTSEL OG TILRETTELEGGING VED HØYBØEN FASE 2



Øydegardsområdet ved Høybøen etter rydding. Foto: Hordaland fylkeskommune.

Prosjektet ved Høybøen er delt i to fasar. Det blei i fjar levert rapport for fase 1 (søknads-ID 2014/1022). Gjeldande rapport er for fase 2 (søknads-ID 2015/8551).

Skjøtselsplan for arkeologiske kulturminne på Vindenes (ID 64065, 95728, 95729, 95730, 95787, 95731, 35751, 45819) er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune ved Solveig Lohne Rongved.



Prioriterte tiltak i fase 2

Det gode samarbeidet med Hordaland fylkeskommune har haldt fram i fase 2. Grunneigarar i området har vore involvert i prosessen. Det må også nemnast at Riksantikvaren, ved Eva Walderhaug, var på synfaring til Høybøen og Vindenes i mai. Ein planlegg eit BARK-seminar i Hordaland til neste vår, der ein ynskjer å legge inn eit besøk til Høybøen.

I fase 2 var følgjande tiltak prioritert:

1. Skjøtsel i eit større område omkring Høybøen.
2. Gjennomføre lyngbrenning.
3. Tilrettelegging av turstiane i området.
4. Formidlingsplan.

Tiltak 1 – skjøtsel i eit større område omkring Høybøen

Det som har vore det mest utfordrande i fase 2 har vore å få framdrift i den vidare ryddinga omkring Høybøen. I fase 1 var rydding i tuftområdet prioritert, og ein såg då kor ressurskrevjande arbeidet var. Såleis var målet for fase 2, i tillegg til eigen dugnadsinnsats, å få inn rimeleg arbeidskraft. Fjell kommune sonderte moglegheitene for dette, og tok mellom anna kontakt med Trigger, Kriminalomsorgen i Frihet og Stend Jordbrukskule. Men det skulle vise seg at denne typen arbeid ikkje passa inn i deira opplegg. Vi kom også fram til at det i forhold til tryggleik vil vere best å sette profesjonelle på saken.

I slutten av september hadde vi synfaring med Anleggsgartnermester Askeland AS. Nina Askeland kom med eit tilbod på rydding av 16.500 kvadratmeter ved Høybøen. Lokaliseringa gjer at arbeidet blir meir komplisert: «Vi bruker flisekutter på gummibelte, denne transporterer inn med helikopter sammen med motorsager, alt det andre verktøyet vi trenger. Alle buskene vil bli kjørt gjennom flisekutter og opp i big bags slik

at det da er lett å transporterte dette ut igjen. Vi tar høyde for å rydde opp i eksisterende haug som allerede ligger på plassen også. Helikopter løfter 1000 kg så vi kan ikke få ut flisen på annen måte enn i big bags og da er det rasjonelt å flisekutte rett opp i disse etter min mening.»



Området som er tenkt rydda ved Høybøen. Skisse: Nina Askeland.

Askeland har berekna at ni personar vil arbeide i fem dagar – altså 45 dagsverk – ved Høybøen. Timeprisen for dei som skal arbeide i felt er på kr 450, og totale kostnader inklusiv alt frå helikopter til flisekuttar er



berekna til kr 336.875 med moms. Askeland skriv: «Jeg har lagt inn timepris som forhåpentligvis imøtekommer muligheten for at vi kan komme i mål med hele jobben nå denne gangen da det viser seg å være effektivt å ta alt på en gang i stedet.» Det er ingen tvil om at det beste hadde vore å få tatt alt på ein gong. Under ryddinga i fjor såg vi dessutan at det er eit problem å bli kvitt tre, busker og avkutt. Vi frakta dette ned til svaberga søraust for tuftområdet. Tanken var å brenne dette i bukta aust for Høybøen ved fjære sjø, men tilhøva var ikkje gunstige for dette ifølgje grunneigar Hogne Vindenes. Å nytte flisekuttar på staden på det som er rydda vekk, er etter vår meining ei god løysing.

Fjell kommune vil no hente inn tilbod frå konkurrerande firma. Vi må også sjå om det er måtar å få ned kostnadene på, til dømes ved at Fjell kommune stiller med to personar i felt eller at ein reduserer området som skal ryddast. Utifrå dialog mellom Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren, er ein blitt samde om at Fjell kommune skal formulere ein søknad til Riksantikvaren om tilleggsmidlar til dette ryddearbeidet. Søknaden vil bli sendt denne veka. Målet er å få rydda heile området innanfor omsynssonen til Høybøen i løpet av vinteren. Deretter vil ein kunne gå i gang med lyngbrenning.

Tiltak 2 – gjennomføring av lyngbrenning

På oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland og prosjektet «Handlingsplan for kystlynghei» blei det i desember 2015 utarbeida skjøtselsplan for kystlynghei ved Vindeneskvarven. Oppdraget vart utført av Gunnlaug Røthe ved Norsk Landbruksrådgivning i Hordaland. To grunneigarar, deriblant grunneigar ved Høybøen, har fått tilsegn om kr 15.000 i midlar til lyngbrenning. I skjøtselsplanen står det mellom anna: «Beiting må halda fram og lyngbrenning må koma i gang for at lokaliteten skal behalda verdien som verdifull kystlynghei i framtida. Kulturminna må takast



omsyn til. Det vert laga ein eigen skjøtselsplan for desse.» Røthe påpeiker elles at det er behov for restaureringsbrenning innanfor heile området.

Dersom ein skal ha ein rotasjonssyklus på 20 år kan det vera behov for å brenna 50 – 70 dekar per år. Det er ikkje tilrådd å brenna ei stor samanhengande flate, men fleire spreidde område for å få lyng i ulike utviklingsfasar. Sviflatene/områda bør følgja naturlege avgrensingar.» Det blir påpeikt at brenning må gjennomførast utanom hekkesesong til fuglar, altså før 15. mars, samt at Hordaland fylkeskommune skal varslast ved brenning nær kulturminne. Det må ryddast for hand rundt dei enkelte kulturminna, og i skjøtselsplanen for dei arkeologiske kulturminna står det korleis og kven som skal utføre dette arbeidet.




Det skal ikkje brennast innanfor områda markert med raud, stipla line. Det vil bli rydda kring dei tre gravrøysene (markert med sirklar) før brenning, slik at det kan brennast i området kring desse. Kart: Hordaland fylkeskommune. Basisdata © Kartverket.



Vi har som mål å få til lyngbrenning ved Høybøen innan 15. mars neste år, forutsett at området vert rydda for busker og tre. I fase 1 nytta vi Mons Kvamme som rådgjevar på området, og vi vil nytte han vidare i prosessen. Skjøtselsplanen for kystlynghei som er utarbeidd for Vindeneskvarven vil bli lagt til grunn i det vidare arbeidet, samt dialog med Fylkesmannen.

Tiltak 3 – tilrettelegging av turstiane i området

Turløypa frå Vindenesgrenda til Høybøen er del av Nordsjøløypa. Løypa fortsetter nordover til spissen av Vindeneskvarven, men er på kartillustrasjonen vist med avstikkar og avslutting ved Høybøen:
<https://www.ut.no/tur/2.11070/> Denne turen er ein av fleire såkalla kulturminneturar i Fjell kommune, som er marknadsført i samarbeid med Fjell turlag.



Nordsjøløypa med avstikkar til Høybøen. Kart teke frå ut.no. Basisdata © kartverket.



Vindenes velforening har lenge ønskt å gå i gang med tilrettelegging av turstiane i området. Turlaga i området, Fjell turlag og Sotra og Øygarden turlag, har også sagt at dei er villege til å gjere ein innsats. Fjell kommune vil, saman med dei nemnte laga, utforme eit opplegg for tilrettelegging av turstiane. Fleire av partia ber preg av at dei ligg i våtlendt terreng, slik at ei omlegging av stien til tørrare brinkar vil vere ein fordel der det er mogleg. I andre områder bør ein bygge kloppar og/eller gangbruver. I prosessen med tilrettelegging må ein også ta omsyn til ferdsel for småfe og storfe. I myrpartiet som ein ser foran buskene på biletet nedanfor, sør aust for Høybøen, er det eit lengre strekk med funn av fleire steinalderlokalitetar. Nokre av desse er sårbare i forhold til ferdsel, og Hordaland fylkeskommune vurderer no ulike former for tiltak i dette området. Fjell kommune ser elles nærmare på tiltak i forhold til at nokon nyttar ATV i delar av turløypa.



Aust for Kåsa ligg fleire steinalderlokalitetar nært opptil eller i turstien. Foto HFK.



Tiltak 4 - formidlingsplan

I vår tilnærming til formidling i området har vi mellom anna vore opptekne av at skiltinga ikkje skal verke forstyrrende. I vår hadde vi to studentar frå universitetet i praksis hos oss. Den eine av studentane fekk mellom anna i oppgåve å sjå nærmare på formidling av Høybøen og dei omkringliggende arkeologiske kulturminna som graver og steinalderlokalitatar. Studenten kom elles med mange interessante vinklingar, mellom anna var han oppteken av å gje publikum fridom til å levandegjere fortida sjølv. I denne prosessen fann vi ut at Høgskolen i Bergen kan tilby ein gratis applikasjon som er nemnt «Fotspor»: <http://fotspor.mobi/#/> Vi hadde opprinnelig tenkt oss digital formidling ved bruk av NFC - brikker (Near Field Communication). No ser vi føre oss ein kombinasjon av få skilt, NFC-brikker og fotspor-applikasjonen. Sistnemnte tilbyr ein teneste der du kan legge inn ei eigenkomponert historisk vandring. Postane må besøkast i rett rekkefølgje, og ein ser at når det gjeld bruk av applikasjonen på Høybøen så er det best å gå bakover i tid. Altså starte i middelalder og deretter bevege seg bakover i tid til jernalder og steinalder, også fysisk i felt. I applikasjonen kan ein legge inn både foto, film og lydfiler. Såleis opnar ein opp for nye moglegheiter for formidling, der ein når som helst kan gå inn og redigere og endre det som er lagt ut.

I september fekk vi også innspel frå andre studentar, då Hordaland fylkeskommune og Fjell kommune hadde møte med ei gruppe studentar. Under bachelorstudiet i arkeologi hadde dei laga eit forslag til skilt som formidlar kulturmiljøet på Høybøen og Vindenes. Dei skulle sjå nærmare på tydinga av formidling i eit samfunnsmessig perspektiv, og dei fekk følgjande oppgåve: «Lag et forslag til et skilt eller brosjyre (bilder og tekst) for Vindenes som tar hensyn til kunnskapsbehov og faglige målsettinger. Hva skal en legge vekt på i formidlingen av kulturmiljøet?» Studentane var opptekne av formidling som oppleving, kunnskapsproduksjon og interessevekker. Etter kvart som studentane fekk kunnskap om



området, blei dei fascinert over mengda av ulike kulturminne og tidsspennet desse kunne vise til. Dei framheva også lysthet i området, som jo er eit resultat av bruk av området. Når det gjaldt målgrupper så var dei meir opptekne av å formidle området til dei som bur i nærlieiken, enn til tilreisande. Dei ville formidle på ein slik måte at folk ynskjer å stoppe mogleg industrialisering nord for Høybøen, og bevare området for framtida. Studentane var også opptekne av at ein må unngå skiltjungel i området. Dei hadde nytta seg av digitale media, og viste til ein QR-generator der dei hadde lagt inn stillbileter med forteljarstemme til. Dette fungerte veldig fint, og er til inspirasjon i det vidare formidlingsarbeidet.



Utsyn mot Høybøen. Foto: Fjell kommune

Når det gjeld formidlingsplan for området har Fjell kommune, i samråd med Hordaland fylkeskommune, kome fram til følgjande:

- Eit større hovudskilt ved innfallsporten til området, der folk parkerer før dei tek turen nordover til Høybøen og Vindeneskvarven. Skiltet skal gje ei oversikt når det gjeld kulturminne og turløypetrase i området.



- Eit skilt på gjerdet ved porten inn til Høybøen, som er den naturlege inngangen for turgåande frå sør. Fokus på øydegardsområdet.
- Historisk vandring med Fotspor-applikasjon som omfattar øydegardsområdet, naustet, gravene i vest og punkt nord for gravene der ein har utsyn til steinalderlokalitetane både nord og vest for straumen.
- Eit mindre skilt ved den restaurerte grava på Tytebærhaugen i aust. Før restaureringa var det bygd tre vardar på grava.
- Vi har bestilt 3D illustrasjon frå Arkikon, som skal omfatte rekonstruksjon av middelaldergarden ved Høybøen med omgjevnader, landskap og vegetasjon frå 4 vinklar. Dette inneber at ein kan bruke 3D-illustrasjonen slik at ein får gjengitt øydegardsområdet frå ulike ståstader i landskapet. Illustrasjonen er også eit godt grunnlag for å produsere ein kort animasjon, noko vi absolutt ynskjer i framtida. Då gjerne med tidsspenn frå steinalder til middelalder.

Det kan vere at vi ynskjer mindre, informative skilt eller stolpar med NFC-brikker i andre områder men dette må vi vurdere nærmare etter kvart. Hovudmålet med formidlinga er å gje folk ei forståing av korleis livet kan ha arta seg for dei som har levd i området til ulike tider. Men vi skal ikkje fortelje «alt». Vi vil ha in mente, i tråd med studentane si tilnærming, at formidlinga skal vere ein interessevekkar for besökande som sjølve også må få moglegheit til å levandegjere fortida. I formidlinga av området er det elles også viktig å få fram at folk skal ta omsyn til kulturminne og beitedyr i området.

Økonomi og disponering av tilskotsmidlar

Fjell kommune har fått tilsegn på kr 30.000 frå bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (kr 10.000 i 2015 og kr 20.000 i 2016). Til no har reelle kostnader vore på omkring 5.000 kroner, og i tillegg er



det lagt ned ein betydeleg dognadsinnsats. Vi har enno ikkje hatt utgifter i samband med fase 2, men desse vil snart kome. Kostnadssida for skjøtselsprosjektet ved Høybøen vil bli langt større enn vi hadde tenkt. Dette fordi vi hadde rekna med å rydde området gjennom ein kombinasjon av frivillig innsats og rimeleg arbeidskraft.

Dei to tabellane nedanfor viser kostnadsoverslaget for fase 1, samt dei reelle kostnadene ved fase 1. Utanom dognaden var finansieringa av fase 1 tenkt slik: kr 10.000 i BARK-midlar, kr 5.000 frå Lions Club Sotra øyremerka skilt og kr 10.000 frå Fjell kommune. Som ein ser så er det ein nokså stor differanse mellom kostnadsestimatet og dei reelle kostnadene. Dette skuldast at ein har hatt mindre ressursbruk til nokre tiltak (bensin, utstyr, dognad), at nokre tiltak ikkje var sett i verk (skilt) samt at ein sette i verk tiltak som først var tenkt utført i fase 2 (rådgjeving lyngbrenning).

Kostnadsoverslag fase 1	Kostnad
Rydding av busker og vegetasjon (200 t a' kr 200)	40.000
Skilt til fase 1	17.000
Transportutgifter (drivstoff, båt)	3.000
Utstyr til rydding og skjøtsel	5.000
Totalt:	65.000

Reelle kostnader fase 1	Kostnad
Rådgjeving lyngbrenning	2.500
Bensin til båt og motorsag, div. utstyr	
Utlegg ved grunneigar Hogne Vindenes	1.500
Hanskar, presenningar og beskjeringssett	883
Dognad – rydding av vegetasjon og busker ved Høybøen (112 timer x 200 kr)	22.400
Totalt:	27.283



Tabellen nedanfor viser kostnadsoverslaget som låg ved søknaden for fase 2. Utanom dugnaden var finansieringa av fase 2 tenkt slik: kr 20.000 i BARK-midlar og kr 35.000 frå Fjell kommune. Vi har enno ikkje hatt utgifter i samband med fase 2, men dei kjem no i nærmaste framtid. Vi har laga ei oversikt når det gjeld kostnader for det attst  ande arbeidet, b  de i forhold til 3 D – illustrasjonen og s  relig den vidare ryddinga.

Kostnadsoverslag fase 2	Kostnad
Vidare rydding og skj��tsel – dugnad (100 t a' 200 kr)	20.000
Vidare rydding og skj��tsel – ekstern arbeidskraft	5.000
Konsulenthj��lp, lyngbrenning	5.000
Tilrettelegging av turstiar - materiale	10.000
3D-illustrasjon (Arkikon)	15.000
Skiltmateriell	20.000
Totalt:	75.000

Tabellen p   neste side viser kostnadsoverslaget for det attst  ande arbeidet. Ein ser at det er ei auke p   s   mykje som 346.875 kroner fr   det f  rre kostnadsoverslaget. Hovudgrunnen er estimerte kostnader til rydding ved H  yb  en i regi av profesjonelle. Det vil bli sendt eigen s  knad om tilleggs-midlar som gjeld dette tiltaket. Det er auke i kostnader i samband med 3D-illustrasjonen p   kr 10.000. Dette fordi vi opprinnelig hadde tenkt oss ein rimelegare basispakke for illustrasjon, som ikkje omfatta landskap og vegetasjon. Vi har i tillegg auka kostnader til skiltmateriell i fase 2 med kr 5.000. I realiteten har vi likevel redusert utgiftene til skilt med kr 12.000 totalt, i og med at det var oppf  rt kr 17.000 i fase 1. Dette fordi vi har redusert antal skilt, og i st  rre grad vil nyte oss av digital formidling.



Kostnadsoverslag attståande arbeid	Kostnad
Rydding rundt kulturminna før brenning – dugnad (100 t a' 200 kr)	20.000
Vidare rydding og skjøtsel – eksternt firma	337.000
Konsulenthjelp, lyngbrenning	5.000
Tilrettelegging av turstiar – materiale til kloppar o.l.	10.000
3D-illustrasjon (Arkikon)	25.000
Materiell til skilt og fotspor-applikasjon	25.000
Totalt:	422.000

Jamfør tabell nedanfor, for korleis finansieringa av det attståande arbeidet er tenkt. Det blir sendt eigen søknad om tilleggsmidlar til Riksantikvaren, Søknaden vil kun omfatte rydding utført av profesjonelle ved Høybøen, estimert til ein kostnad på i underkant av kr 337.000.

Finansieringskjelde	Kostnad
Midlar til skilt frå Lions (frå fase 1)	5.000
BARK-midlar (frå fase 2)	20.000
Midlar frå Fjell kommune (frå fase 1 og 2)	45.000
Dugnad ved Fjell kommune (frå fase 2)	20.000
Tilleggsmidlar frå Fjell kommune	120.000
Tilleggsmidlar frå Riksantikvaren	155.000
Midlar frå Fylkesmannen	57.000
Totalt:	422.000

Utbetaling og omdisponering av tilskotsmidlar

I 2015 fekk vi tilsegn på kr 10.000 frå BARK-programmet. Desse ba vi om å få overført til 2016. Vi ber om at desse midlane blir utbetalt no, i og med at vi ikkje har betalt midlar til grunneigar for utlegg til drivstoff og rådgjeving omkring lyngbrenning. I alt kr 4.000. Vi ynskjer no i tillegg å bestille eit utval av foto frå Universitetsmuseet, totalt for kr 6.000. Då først og fremst nye foto av gjenstandsmateriale funne i øydegardsområdet



og i nokre av gravene, samt utgravingsfoto av desse lokalitetane. Vi ynskjer også foto av nokre av funna frå steinalderlokalitetane. Desse kostnadene går innunder tiltak som gjeld skilting. Det kostar kr 500 per foto. 12 foto vil utgjere ein kostnad på kr 6.000. Vi vil opplyse om at i finansieringa for fase 1 skulle også kr 10.000 kome frå Fjell kommune. Desse midlane vil gå inn i betalinga for 3D-illustrasjon i fase 2, som har auka med kr 10.000 i forhold til opprinnelige kostnadsoverslag.

Vi ber elles om at tilsegnsmidlane for 2016, på kr 20.000, blir overført til 2017. Når det gjeld omdisponering av midlar så er det elles ikkje store endringane, jamfør førre avsnitt.

Vidare framdrift

Rapporten viser at ting tar tid, men samtidig også at det er framdrift og satsing på skjøtselsarbeidet og tilrettelegginga ved Høybøen og Vindenes. Vi har ei økonomisk utfordring når det gjeld å få realisert tiltaka. Dersom vi i vinter får til å rydde heile, eller delar av området ved Høybøen, så er vi kome langt på veg. Då kan vi få sett i verk lyngbrenning ved Høybøen før 15. mars 2017.

Fokus i dei føreståande vintermånadane vil elles bli formidlinga av området og møter med Vindenes velforening og turlaga i regionen når det gjeld tilrettelegging av turløypa. Vi vil prioritere å lage den historiske vandringa i fotspor-applikasjonen, og skal no bestille inn gjenstandsfoto frå Universitetsmuseet i Bergen. Arkikon skal ha ferdig ein 3D-illustrasjon av Høybøen og det omkringliggende landskapet til tidleg vår. Denne vil vi nytte både på skilt og i fotspor-applikasjonen.

1. november 2016

Kulturavdelinga i Fjell kommune ved Berit Vik